

MIDTRE HOLSNØY¹-GRUNNEIGARLAG

Steinberget 5917 Rossland - Tlf.: 45066764 - e-post: bj-skin@online.no
heimeside: <http://www.grunneigarlaget.moo.no>

Olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep.
0033 OSLO

KOPI

Dykkar ref.: 08/00087-23

Vår ref.: Bjarte J. Skintveit

Dato. 13.10.2011

Gjeld uttale til sak 08/00087-23 Utføring av tiltak i Rylandsvassdraget i Meland kommune – forhåndsvarsel om omgjeringsvedtak.

OED kjem no fram til at leidningen ikkje er lagt i tråd med konsesjonen.

Det same kom Sivilombudsmannen fram til i brev 17.02.11 då han bad OED om å finna løysingar for å oppfylle konsesjonsvilkåra.

I OED sitt brev 15.08.08 kom det fram at det måtte ein planendringssøknad til for å gjennomføra eit tiltak i strid med løyve og vidare at ei nedsenkning under vatn ikkje oppfyller konsesjonsvilkåra.

I brev av 19.01.10 kom OED fram til at tiltaket ligg innanfor rammene i konsesjonsvilkåra.

No kjem OED igjenn fram til at leidningen ikkje er lagt i tråd med konsesjonen, men vil vurdera å gjere om føresetnadane i konsesjonen slik at dei skal høve til utført arbeide.

Vi kan ikkje sjå at §28 er eigna i dette tilfelle. Ein må heller vurdera å pålegga retting.

Ein usikkerhet om korleis dette røret skulle ligga har aldri vore tema. Innhaldet i eit brev som OED viser til finn ein att i sakspapira etter møte i Meland formannskap og kan ikkje overstyra vedtak i kommunestyre.

At røret skulle sprengast/gravast ned så det ikkje vart synleg har vorte presisert frå ledelsen ved smoltanlegget, på folkemøte og i fleire brev, og det kjem klart fram av arbeidsteikningane. Det var kommunen sitt ønske og står i klartekst i konsesjonsvilkåra. Ein finn derved ikkje nokon usikkerhet om legging av røret i forkant av arbeidet.

Eit av føremåla med tiltaket var å reinske opp elva for å førebygga flaum i vassdraget. Dette har gjeve gode resultat. Det er likevel viktig å hugse på kravet om at leidningen skulle vera skjult under elvebotnen. Denne føresetnaden kom på bakgrunn av at det ikkje var ønskjeleg å



ha eit så stort rør liggande oppå elvebotnen. Meland kommune sin Komite for Kommunalteknikk – Miljø og Landbruk (KKML) var på synfaring i 2007. Ein einstemmig kommitè meinte at røret var godt synleg og både skjemmande og til hinder for aktivitetar som fiske. Dette vart og vedteke i kommunestyremøte mot ei stemme. Det var og i tråd med kommunen sine merknadar i 1999, og NVE vidareførte forutsetningen til konsesjonen.

- **Omgjering av vilkår vil oppretthalda ulempar for ålmenta.** Departementet har no slege fast at tiltaket ikkje er i tråd med føresetnadane i konsesjonen. Konsesjonshavar har ikkje utført arbeidet på riktig måte – noko som har gjeve fordelar for konsesjonshavar og ulempar for ålmenta. Ein må merka seg at desse ulempene vil vera der sjølv om ein nyttar §28.
Konsesjonsvilkåra frå 2001 krev at leidningen ikkje skal vera synleg for ålmenta. Dette er i tråd med §26 i vassressurslova, der omsynet til ålmenta er betydeleg vektlagt:
"I konsesjonen kan det settes vilkår for å motvirke skader eller ulempar for allmenne eller private interesser. Det skal legges vekt på å fremme sikkerhet mot skade på mennesker, miljø eller eiendom, sikre en best mulig landskapsmessig tilpasning og å opprettholde det naturlige liv i vassdraget"
Ei endring slik departementet legg opp til vil koma i konflikt med §26. Skulle det vera tvil om dette må departementet krevja utgreiing av tilhøva etter § 23.
§59 opnar derimot for pålegg om retting av tilhøve som er i strid med loven eller vedtak i medhald av loven. Retting av tilhøva vil, etter vår mening, vere til beste for ålmenta.
- **Ei endring av føresetnadane vil her legalisera eit konsesjonsbrot.** Her er det utført eit tiltak i strid med konsesjonen. Ei endring etter §28 vil her frita konsesjonshavar frå konsesjonsbrot. Konsesjonen vil missa sin verdi og ordtaket "grav først spør sidan" vil gjelde. NVE skriv i Styrende dokumenter for tilsyn og reaksjoner. Versjon 2 – mars 2009 s. 74 avsnitt 7:
"Når vassdragsmyndigheten vurderer om det skal ges konsesjon etter § 8 eller foretas omgjøring etter § 28 i stedet for å pålegges retting, må vurderingen som utgangspunkt skje uten å ta hensyn til de merkostnader det vil medføre at et igangsatt tiltak må stoppes eller rettes. For å fremme respekten for loven bør det ved vurderingen heller tale til ugunst for tiltakshaver at vedkommende har gått i gang uten nødvendig rettslig grunnlag."
- **Kravet om at røret ikkje skal vera synleg er meir enn eit vilkår i konsesjonen.**
Vassressurslovas §28 må tolkast slik at omgjering er avgrensa til å gjelde vilkåra og ikkje sjøve løyve. Kravet om at røret ikkje skal vera synleg er omtala fleire stader enn i vilkåra. Det kjem fram i bakgrunn for løyve på side 18 – 3. avsnitt og på side 12 – 6. avsnitt. Vidare var det ei ålmenn oppfatning ettersom dette vart presisert frå konsesjonshavar på informasjonsmøte og kom fram i fleire brev og i arbeidsteikningane.
- **Føresetnadane i loven er ikkje tilstades.**
I §28 står det blant anna:
"I særlige tilfelle kan vassdragsmyndigheten oppheve eller endre vilkår eller sette nye vilkår av hensyn til allmenne eller private interesser. Det skal tas hensyn til det tap som en endring vil påføre konsesjonshaveren og de fordelar og ulempar som endringen for øvrig vil medføre."
- Ein må tolka §28 slik at konsesjonsvilkåra kan endrast eller opphevast dersom det er naudsynt å betre tilhøva for ålmenne eller private interesser. I dette tilfelle fører tiltaket

til ulemper fordi det ikkje er utført i tråd med vilkåra i konsesjonen. Det er altså ikkje vilkåra i konsesjonen som fører til ulemper. Det kan ikkje vera i tråd med lova å endra eller omgjera vilkår som allereie er til beste for ålmenta. Det er ved å krevja retting av arbeidet ein her tek best omsyn til ålmenne eller private interesser.

- **Ein må ta omsyn til vassdragsvernet.**

Rylandsvassdraget er med i verneplan for vassdrag

Vassdragsvernet er lovfesta i § 32 i vannressursloven. Av lovens § 33 framgår det at tilhøva i verna vassdrag særleg skal tas vare på gjennom særreglane i § 35, bl.a.

slår ein fast at det skal leggast vesentleg vekt på verneverdiar når det fattes vedtak etter vannressursloven.

Konklusjon:

Det er no slege fast at arbeidet ikkje er utført i høve gjeven konsesjon.

Ein må ta omsyn til lovverket når ein vurderer løysingar for å forena arbeid og konsesjon.

Ein må forstå at dette røret er av eit slikt omfang at det er til ulempe for ålmenne og private interesser.

I vurderinga si må departementet tungt vektlegga det faktum at eksisterande konsesjon allereie tar omsyn til ålmente og private interesser, ved å bestemma at røret skal skjulast under elvebotnen.

Å nytta § 28 for å få føresetnadane i konsesjonen til å passa med det utførte arbeidet vil dermed bryta med §§ 5,25 og 26 i vannressursloven.

Skulle det vere tvil om utført arbeide krenkar omsynet til ålmente og private interesser må departementet krevje utgreiing etter §23.

Vi er derfor imot at §28 vert nytta i dette høve.

Departementet må i staden påleggja retting slik at arbeidet vert i tråd med konsesjonen og føringar i lovverket.

Kopi til
Meland kommune

For Midtre Holsnøy Grunneigarlag

Bjarte J. Skintveit
Leiar